



FOLKEAKSJONEN I
HARDANGER
FOR KRAFTOVERFØRING
MED SJØKABEL

WWW.STOPPKRAFTLINJA.NO

Alternativ til luftspenn i Hardanger

Bakgrunn: Juli 2005 sender Statnett melding om ny 420 kV kraftlinje frå Sima i Hardanger mot Bergen. Linja vert 90 km lang og går gjennom 5 kommunar.

Olje- og gassrelaterte kraftbehov på kysten og ein 3. forsyningsveg til Bergen, er motivet for Statnett sine planar. Luftspenn vil kosta ca kr 600 mill.

Ei 420 kV kraftlinje gjennom Hardanger vil for alltid endra fjordlandskapet. Planane omfattar luftspenn over tre fjorarmer: Osafjorden, Granvinfjorden og Fykkesundet; alle med eksotiske, storslåtte landskap.

Eit samla Hardanger seier nei til luftspenn fordi:

- Reiseliv og næringsutvikling vert sterkt skadelidande av eit luftspenn
- Luftspenn er øydeleggjande for eit fjordlandsskap i særklasse
- Traseen for sjøkabel er ideell
- Storindustri og kraftprodusentar bør betala meir av rekninga for tilgang til større nett.
- Sjø- og jordkabel, sett i samanheng med utvikling innan samferdsle, vil føra til ei positiv utvikling for regionen

Statnett har konsesjon for luftspenn. Dersom dei får avslag i klagerunden har dei ulike alternativ dei kan utgreie:

1. Kabel i Hardangerfjorden
2. SVC anlegg i Samnanger
3. Andre luftspenn som kan forsyne Bergensområdet.

1. Sjø- og jordkabel er dokumentert av Multiconsult i 2006 og er teknologisk forsvarleg. Kostnaden er mellom 3 -5 gongar luftspenn alt etter kapasitet.

2. SVC anlegg i Samnanger til kr 110 mill. vil gje Bergensområdet nye 180MW, og vera klart best samfunnsøkonomisk. Statnett kommenterer dette i konsesjonssøknaden: ***”De samfunnsøkonomiske beregningene viser at et SVC anlegg reduserer avbruddskostnadene og har en høy nytte. SVC fjerner i midlertid ikke alle avbruddskostnadene, slik at leverings påliteligheten svekkes frå år til år etter hvert som forbruket øker. Utan et varmekraftverk på Mongstad er SVC anlegget mindre lønnsomt enn en ny leidning. Med Mongstad har SVC anlegget høyere lønnsomhet enn en ny leidning. SVC anlegget vil øke overføringskapasiteten med ca 180MW.”***

Realitetane i 2009 er eit fallande forbruk i aluminiumsindustrien på Karmøy og Husnes, ei redusert utbygging av Troll, og ein høgare lokal kraftproduksjon enn Statnett har kalkulert med.

3. I konsesjonsrunden peikar Statnett på andre alternativ for innmating til Bergensområdet. Desse er kanskje dyrare enn Sima-Samnanger som er rekna til ca kr 600 mill, men fullt realiserbare. BKK sine planar for ny 300kV linje Mongstad- Modalen vil også betre forsyningsbiletet mot Bergen.



